



Utval: Formannskap
Møtestad: Næringshagen
Dato: 18.10.2017
Tid: 08:30 – 15:30

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
26/17 – 29/17

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 26/17	Referatsaker
----------	--------------

RS 15/17	Orientering frå administrasjonen
----------	----------------------------------

PS 27/17	Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogramm 2018-2021
----------	---

PS 28/17	Investeringsrekneskapen 2017
----------	------------------------------

PS 29/17	Økonomigjennomgang pr. 01.09.
----------	-------------------------------

Budsjettdrøftingar

Fyresdal 10. oktober 2017

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 26/17 Referatsaker

RS 15/17 Orientering frå administrasjonen

I møtet:

- Orientering om tannlegesituasjonen i Fyresdal.
- Orientering om studietur til Evje for å sjå på ny idrettshall bygd i tre.
- Orientering om arbeidet med tilsetting av ny kommunalsjef helse og omsorg.
- Presisering av reglane for tildeling av tilskot – lønstilskot til skuleungdom – Tilskotet skal ikkje gå til lag og organisasjonar.
- Fyresdal kommune har fått tildela innovasjonsprisen for universell utforming av Hamaren Aktivitetspark. Prisen er delt ut av barne- og likestillingsdepartementet.
- Fyresdal har ikkje fått tildela midlar til breibandsutbygging i denne omgang. Formannskapet ynskjer at vi søker på nytt i neste omgang.
- Fyresdal er med i eit nytt velferdsteknologiprojekt i Vest Telemark.
- Industribygget på Molandsmoen må vaskast og pussast opp før ein skal vise dette fram til moglege leigetakerar. Prosjektleiaren omstillingskommuneprogrammet hentar inn tilbud på dette frå eksterne firma.
- Budsjettdrøftingar.

PS 27/17 Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogramm 2018-2021

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 12.10.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå idrettsrådet

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 12.10.2017

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.10.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå idrettsrådet. Det må rettast opp i tabellen under anleggstype:

Fleirbrukshus/samfunnshus, her skal samfunnshus ikkje vera med

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.10.2017

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Handsaming i Formannskap - 18.10.2017

Tekst på prioritering 1 skal vere Fleirbrukshall og totalkostnaden må prisjusterast. Planen sendast tilbake til administrasjonen for justering. Det forutsettast at ein i samband med budsjetthandsaminga i haust finn rom for finansiering av investeringa og drift før endeleg vedtak i kommunestyret.

Samrøystes.

Vedtak i Formannskap - 18.10.2017

Tekst på prioritering 1 skal vere Fleirbrukshall og totalkostnaden må prisjusterast. Planen sendast tilbake til administrasjonen for justering. Det forutsettast at ein i samband med budsjetthandsaminga i haust finn rom for finansiering av investeringa og drift før endeleg vedtak i kommunestyret.

PS 28/17 Investeringsrekneskapen 2017

Innstilling frå rådmannen:

Rapport om investeringsrekneskapen så langt i år vert teken til vitande og fylgjande endringar vert gjennomført:

- Kjøp av industribygg på Molandsmoen lånefinansierast med 4,9 millionar.
- Møblar dekkast av disposisjonfond (rådmannens million) med kr 110.000,-.
- Utlån med kr 1.630.000,- dekkast av ubruka lånemidlar.
- Innbetalt lån vert tilbakeført til kraftfondet, konto 2510022.

Handsaming i Formannskap - 18.10.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 18.10.2017

Rapport om investeringsrekneskapen så langt i år vert teken til vitande og fylgjande endringar vert gjennomført:

- Kjøp av industribygg på Molandsmoen lånefinansierast med 4,9 millionar.
- Møblar dekkast av disposisjonfond (rådmannens million) med kr 110.000,-.
- Utlån med kr 1.630.000,- dekkast av ubruka lånemidlar.
- Innbetalt lån vert tilbakeført til kraftfondet, konto 2510022.

PS 29/17 Økonomigjennomgang pr. 01.09.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for Fyresdal kommune vert teken til vitande. Rammene for dei enkelte sektorane vert justera med fordeling av lønsreguleringspott og bruk av fondsmidlar til tilskotsutbetalingar og rådmannens million slik:

Sektor	Utgift	Inntekt
Økonomi og felles	-2.065.000	0
Helse og omsorg	1.080.000	80.000
Kultur og oppvekst	1.000.000	100.000
Plan og miljø	393.000	228.000

Handsaming i Formannskap - 18.10.2017

Tilleggsframlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Sektorar som har overforbruk må skjerpe innsatsen for å redusere overforbruket mest mogleg.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med tilleggsframlegget frå Olav Gisle Noraberg.

Vedtak i Formannskap - 18.10.2017

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for Fyresdal kommune vert teken til vitande. Sektorar som har overforbruk må skjerpe innsatsen for å redusere overforbruket mest mogleg.

Rammene for dei enkelte sektorane vert justera med fordeling av lønsreguleringspott og bruk av fondsmidlar til tilskotsutbetalingar og rådmannens million slik:

Sektor	Utgift	Inntekt
Økonomi og felles	-2.065.000	0
Helse og omsorg	1.080.000	80.000
Kultur og oppvekst	1.000.000	100.000
Plan og miljø	393.000	228.000